



Gulen kyrkjelydsblad

Nr 3

Oktober 2024

67. årgang



Biskop Ragnhild Jepsen på preikestolen i Gulen kyrkje under jubileumsgudstenesta 25. august 2024. Meir side 8-10. Foto: Aslak Åm Sognnes

REDAKTØR: Kyrkjevevja

Eivindvikvegen 1119, 5966 Eivindvik
Tlf. 970 44 591. is299@kyrkja.no

REDAKSJON: Anne R. Tveit

Eivindvikvegen 1117, 5966 Eivindvik
482 28 353. annetveit46@gmail.com

KORREKTUR: Marit Sandal**BANKGIROKONTO: 3817 15 51282**

Merk med gåve til kyrkjelydsbladet.
VIPPS: 706144.

TRYKKERI:

ETN Grafisk, 3701 Skien

SOKNEPREST

Håkon Kinsarvik.

Tlf. 976 44 169.

hk482@kyrkja.no

KYRKJEVERJE: Ingunn Sognnes

Tlf. 970 44 591. is299@kyrkja.no

Fri fredag.

KONTORSEKRETÆR:

Margrethe Skåden, Tlf. 481 20 586
ms859@kyrkja.no. Kontor tysdag og torsdag.

Felles e-postadresse til kontoret:

post.gulen@kyrkja.no

ORGANIST: Peter Tiborc Jobbagy,

5966 Eivindvik. Tlf. 909 84 617

pj847@kyrkja.no

GULEN KYRKJELEGE RÅD/**FELLESRÅD: Leiar:**

Bodil Bjørlo Takle, tlf. 481 74 449

bodil.bjorlo.takle@enivest.net

Nestleiar: Åse Haugen,

tlf. 482 50 014 haugena@online.no

KYRKJA SI HEIMESIDE:

www.gulen.kyrkja.no

FACEBOOK: *Kyrkja i Gulen.*

Redaksjonen

Redaksjonen ønskjer lesarane ei god seinhaust- og førjulstid. Neste blad kjem til jul. Då håpar vi å få til eit fyldig og innhaldsrikt julenummer, og vi er mottakelege for både juleteikningar og dikt, kjære julesalmar og juleminne, julenøtter og konkurransar og kva de elles kan by på. Men tida går fort, så fristen for å sende inn stoff til bladet er **25.11.**



Bladpengar til Gulen kyrkjelydsblad

På midtsidene i dette bladet finn du ein giro for bladpengar. Kontingenten er fri. Du kan bruke denne giroen, eller du kan sende gåva til kontonr. 3817.15.51282, merka «Kyrkjelydsbladet». Du kan også bruke VIPPS, til nr.706144, Gulen kyrkjelydsblad. Takk for alle gaver!



Foto: Liv Øygard



Foto: Gulatinget

For alt er nåde

Ein sein augustkveld ute på Flolid, medan regnet dansa i tunge dropar mot jorda, samla eg meg i eit slags stille, ventande sug.

Framfor meg låg ei framsyning frå Den Nationale Scene, ein spegel av det som finst djupt inne i oss alle – symboltungt, mektig, som ein tynn tråd av noko større enn ord kan favne.

Det var «Dei guddommelege søstrene», ei forteljing om nåde, rettferd, fred og sanning.

Men det var meir enn berre eit teaterstykke; det var som om verda opna seg eit lite augneblikk. Snart skulle eg tre inn som sokneprest, og dette møtet med Gulen – så fullt av historie, så metta av meining – gjekk djupt inn i meg.

Orda frå scenen, så varsame, så kraftfulle, bar med seg eit ekko av det evige. Dei snakka ikkje berre om livet, men om noko djupare, noko som rørte ved dei skjulte romma i sjela. Jon Fosse sine tekstar er slik; dei er som havet som du aldri heilt forstår, men som alltid finn vegen inn til hjartet.

- Miskunn og sanning skal møta kvarandre, rettferd og fred skal kyssa kvarandre. (Salme 85.11)

Der, i det regntunge mørkret på Flolid, var det som om desse orda byrja å pusta.

Trua er ikkje noko fjernt, noko gammalt og støvete som ligg bortgøymt i ei bok; ho er levande, ho pustar i kvar einaste regndrope, i vinden som bles over fjorden, i dei små augneblikka.

Gulen er ikkje berre ein stad med gammal historie; det er eit rom fylt av minne om dei som kom før oss, som sat saman for å leggje grunnsteinar for noko større enn seg sjølve.

Desse bøndene, fiskarane, dei kom saman ikkje berre for å forme eit land, men for å kaste eit blick mot framtida, for å drøyme om ein stad der menneska kunne leve i fred, i felleskap, i kjærleik.

Men korleis er me i dag?

Kan me framleis kjenne krafta i orda frå Salme 85?

Møter me kvarandre med miskunn i det nådelause samfunnet me er ein del av?

Nåden er ikkje fjern – han er nær, alltid ventande, som eit lys.

Me er kalla til å spegle den nåden, ikkje berre i ord, men i livet, i alt me gjer.

Kva kan du gjere i dag for å bringe meir lys inn i denne verda, for å la miskunn, sanning, rettferd og fred møtast?

Eg kjenner at me i Gulen har mykje av dette, mykje å dele.

Håkon Økland Kinsarvik

Innsetjingsgudstenesta for Håkon Kinsarvik i Gulen kyrkje 08.09.24



Mykje folk møtte fram i kyrkja for å ta del i den høgtidelege innsetjinga av den nye soknepresten vår, Håkon Økland Kinsarvik, som vi allereie har møtt fleire gonger i haust. Vi ønskjer han hjarteleg velkommen, og håpar han vil trivast i Gulen.



Leiar i Gulen kyrkjelege råd, Bodil Bjørlo Takle, las opp tilsetjingsbrevet frå biskop Ragnhild Jepsen, før prost Helge Taranrød velsigna Håkon med

handspålegging. Med som vitne var soknepresten i Solund, Bjørn Magne Hansen, soknepresten i Masfjorden, Torbjørn Sæle, Odd Harald Eide og Bodil Bjørlo Takle.



Bak frå venstre: Torbjørn Sæle, Bjørn Magne Hansen og prost Helge Taranrød. Framme: Håkon Økland Kinsarvik og Bodil Bjørlo Takle. *Foto: Trude Brosvik.*



Ein av dei som har hjelpt oss mest for å få tenestekabalen til å gå opp, er Bjørn Magne Hansen, som her får ei fortent påskjøning for det gode arbeidet han har gjort i Gulen i mange år. Gåva var ei skinninnbunden utgåve av Magnus Lagabøtes landslov.



Under kyrkjekaffien etter gudstenesta var det fleire som tok ordet, og – med alvor og humor – ønskte Håkon Økland Kinsarvik lukke til i den tenesta han no er gått inn i.

Tekst/foto: Anne Tveit

Innskriving av nye konfirmantar

Gulen kyrkje 8. september:

Frå venstre: Håkon prest, Simen Husebø Vilsvik, Trym Palmer Håvåg, Elise Sognefest, Tore Molde Randal, Hannah Brudevoll, Cassandra Linnea

Kvingedal Haveland og konfirmantlærer Maren Daae Eide. *Foto: AT*



Brekke kyrkje 22. september:



Frå venstre: Håkon prest, Lasse Haugland Oppedal, Noah Engesæter Oppedal og konfirmantlærer Eirik Halsnes.

Mjømna kyrkje 22. september:



Frå venstre: Håkon prest, Nora Nadire Braathen Kirca, Maiken Beheim Andreassen og konfirmantlærarane Maren Daae Eide og Eirik Halsnes.

Foto: Anne Ytreøy

Konfirmantåret

Nokre gonger kjennest det litt for godt til å vere sant! Då eg byrja som prest i Gulen, blei eg møtt av eit lite, men triveleg konfirmantkull på ti ungdommar.



Me har allereie hatt to samlingar. Då var me på kommunehuset. Det var gruppearbeid, og dei lærte å slå opp i Bibelen.



For å få ut litt energi hadde me ein bibelstafett der dei sprang opp bakken til steinkrossen for å slå opp ulike bibelvers. Det var rett og slett ein

veldig kjekk dag, og me vart betre kjende med kvarandre. Mykje spennande ligg framfor oss. Blant anna skal me ha ei overnatting i kyrkja **8. november**, ei såkalla Halloweenovernatting, der konfirmantar frå både Solund og Masfjorden blir med. Denne gonger er me samla i Gulen kyrkje, og målet er både å bli betre kjende med kvarandre, utforske dei store spørsmåla i livet, og ha det gøy. På kveldstid, kl. 23.00, når mørkret har senka seg, blir det ei stemningsfull nattverdsgudsteneste, og du er sjølvstilt velkommen innom! Andre høgdepunkt på programmet er undervisningslaurdagar, filmkveldar og den vakre lysmessa, som går av stabelen **1. desember (1. søndag i advent)**.

Etter jul skal me til Alværa på konfirmantleir, der me skal vere saman med dei konfirmantane me overnatta med i Gulen kyrkje. Dette blir ei tid for fellesskap, gøy og læring, der me skal utforske meir om livet og trua. Dette ser me verkeleg fram til.

Det er viktig å hugse på konfirmantane i bøn. Dette året er ei viktig tid for dei, fylt med erfaringar som kan forme dei for livet. Me er så takksame for alle som er med og bidreg – alt frå kyrkjeutvala rundt om i kommunen til dei som er med i konfirmantarbeidet, og ikkje minst dei gode heimane som stiller opp med alt frå pizza til kaker - og mykje, mykje meir. Dei små bidraga betyr så mykje, og skaper minne for livet.

Tekst/foto: Håkon Økland Kinsarvik

Til Håkon!



Som seg hør og bør vil vi ønske deg velkommen som vår prest. Vi vet at du er forberedt på at vi her ute tar oss selv litt uhøytidelig, og at sokneutvalget til tider kan være overmåte kreativt, men vi har òg funnet ut at du kanskje er litt lik oss, så vi ser frem til å samarbeider med deg. Her i ytre Gulen er vi så heldige at vi har både kirke og bedehus, og samarbeidet mellom disse er veldig godt. Vi har ikke søndagsskole for barna i kirken, men vi har en barneforening vi er stolte av i bedehuset. Vi har ikke ungdomsarbeid i kirken, men vi har «yngres» i bedehuset. Vi er opptatt av at barne- og ungdomsarbeidet skal videreutvikles, og ønsker oss nye ildsjeler som kan hjelpe oss med dette. Hvor vi enn er, blir vi omgitt av reklame. Dette påvirker oss i større og mindre grad. Nå har Mjømna sokneutvalg lyst til å reklamere litt for å vise deg at en av

grunnene til å velge å bli prest akkurat her, var et godt valg.

På fjernsynet ser vi en reklame om en som velger en sluttpakke, men her er det vi som velger, og vi velger å gi deg en startpakke. Denne håper vi vil bidra til at du vil trives som sogneprest i Gulen, og selvfølgelig spesielt her ute hos oss.

Vi har en lokalprodusert kurv til deg. Den inneholder noe av det som gjør Gulen til et sted vi håper du vil bli rotfast i.

Ryktet sier at du er en framifrå kokk, og da trenger du et skikkelig lokalprodusert forkle som du kan ha på deg når du skal nyte lokalprodusert gele eller chutney som tilsetning eller tilbehør i enkelte retter.

Lokalprodusert røkt laks sammen med lokalproduserte egg er noe mange bare kan drømme om, men i Gulen er det så absolutt mulig.

Når så bordet skal dekkes, kan det nyttes bl.a. lokalproduserte glassbrikker.

Av og til kan det være nødvendig å dra bort fra Gulen, og du skal være klar over at fergen ikke alltid går som ønsket, og da kan ventetiden kortes ned med et lokalprodusert hefte skrevet av en lokal forfatter.

Helt til slutt denne lokalproduserte folderen, som gir et innblikk i likt og ulikt i ytre Gulen.

Velkommen! Vi er glad for å ha deg hos oss!

*For Mjømna sokneutvalg,
Anne Evjenth Ytreøy*

Jubileumsgudstenesta 25.08. i Gulen kyrkje



Gudstenesta starta med ein lang inntogsprosesjon med krossberar og klokkar i spissen, etterfølgd av dåpsfølgjet, Brekke mannskor og til slutt prestane, prosten og biskopen.



Det var dåp, forretta av nytilsett sokneprest Håkon Økland Kinsarvik.



Flott song av Brekke mannskor under sin dirigent Boris Kuprijanov løfta gudstenesta, og dei hausta spontan applaus etterpå.



Tekstlesarar var ordførar May-Lynn Osland (foto over) og statsråd Kjersti Toppe (foto under).



Biskop Ragnhild Jepsen heldt talen frå preikestolen. Prost Helge Taranrød og sokneprest i Solund, Bjørn Magne Hansen, var medliturgar.



Organist Peter T Jobbagy fekk verkeleg utfolde seg under postludiet, med ei strålende framføring av Festmusikk, komponert av Mons Leidvin Takle.



På veg ut fekk mange av dei rundt 280 oppmøtte gode handtrykk frå prosten og biskopen. Berre smilande ansikt, kvar ein enn såg.

Etter gudstenesta inviterte sokneutvala på kyrkjekaffi i kommunehuset. Mange tok turen innom, og praten gjekk livleg – inne som ute. Regnet hadde gitt seg, og paraplyane var parkerte.

Før folk gjekk kvar til sitt, var det oppstilling til fotografering ved krossen i Krossteigen.

Dermed fekk ein synleggjort det over 1000 år gamle tidsspennet frå kristendommen blei innført, til i dag. No er det vår tur til å forvalte denne fedrearven, til beste for komande slekter.

Jubileumsgudstenesta blei verkeleg

ein festdag og ei verdig avslutning på landslovjubileet på Gulatinget.



Oppstilling ved krossen. Frå venstre: Leiar for Gulatinget 2024, Tone Ekerhovd, biskop Ragnhild Jepsen, ordførar May-Lynn Osland, sokneprest Håkon Økland Kinsarvik og statsråd Kjersti Toppe.

Tekst: Ingunn Sognnes/Anne Tveit

Foto: Aslak Åm Sognnes/Anne Tveit

Konsertar i Gulen kyrkje i samband med landslovjubileet

Temaet for jubileumsfeiringa var verdjar i lovverket: Folkestyre – Tillit – Fred, og heile programmet støtta opp om dette temaet.

Men det har sine utfordringar å arrangere noko på Gulatinget under open himmel på våre trakter, og jubileumshelga trefte dårleg med vêret, det regna i bøtter og spann

mesteparten av tida, så to konsertar blei flytta inn i kyrkja.

Fredag kveld var det konsert med Jens Wendelboe og Hardanger Big Band, og laurdag var det konsert med Anita Nordheim Blues n´ Groove Company.



*Jens Wendelboe og Hardanger Big Band.
Foto: Aslak Åm Sognnes*



Anita Nordheim Blues n´ Groove Company får her velfortent takk av Tone Ekerhovd. Foto: Aslak Åm Sognnes

Begge konsertane blei godt mottekne av publikum, og eit frammøte på 170 første kvelden og 130 andre kvelden må seiast å vere bra.

Frå kyrkja si side takkar vi for samarbeidet med Gulatinget og prosjektleiar Tone Ekerhovd, som tidleg inviterte oss med og tok initiativ til å invitere

både biskop Ragnhild Jepsen og statsråd Kjersti Toppe.

Og når konsertar måtte flyttast inn i kyrkja på kort varsel, er det godt å oppleve at lokalsamfunnet fungerer, og at frivillige og tilsette i kyrkja og i kommunen gjorde sitt til at konsertane kunne gjennomførast og jubileums-gudstenesta gå som planlagt med alt på plass søndag morgon. Dette er styrken i små lokalsamfunn, å kunne hive seg rundt, bidra på ulike vis og få alt til å fungere.

Så takk for god gjennomføring av landslovjubileet, - dette var stas!

Ingunn Sognnes

Rutle gravplass



Då er endeleg hjortegjerdet på plass på Rutle gravplass! Godkjenninga frå statsforvaltaren/gravplassforvaltninga inneber at vi også måtte lage ein planteplan og setje opp skilt med kontaktinfo om det likevel skulle kome inn hjort. Det som er viktig ved besøk på gravplassen, er at ein lukkar grinda/porten etter seg. Dette gjeld på alle gravplassane.

I slutten av august blei det planta laur-

bærhegg frå porten og langs gjerdet på kortsida, og på langsida til ein kjem til minnestøtta. Derifrå er det planta ein barlindtype som er vanleg til hekk.

Den vert høgare, og må haldast regelmessig nede med klipping.

Sving ein tur bortom og sjå når du er i Rutledal. Gravplassen ligg vakkert til, og er absolutt verd eit besøk.

Ingunn Sognnes

Haustfest i Byrknes bedehus

Mjømna sokneutval ønsker velkommen til haustfest i Byrknes bedehus **fredag 25. oktober kl.18.30.**

Kåseri ved Håkon Økland Kinsarvik, song og musikk ved «Mott i brøstet», allsong og quiz. Koldtbord og kaker. Bindande påmelding til Bente Haugen på tlf. 992 64 861, innan 21. oktober.

Haustmesse i Brekke bedehus

Me inviterer til haustmesse i Brekke bedehus

søndag 10. november kl. 14.00.

Kafeteria med kaffi, lappar, pølse m/brød, mylse, rømmegraut m.m. Sal av smalehovud, bakevarer, mylse m.m. Loddbok, årsal, og ord for dagen. Me er takksame for gåver og gevinstar.

Kontaktperson: Astrid Mundal.

Betaling både med vipps og kontantar. Inntekta går til drift og vedlikehald av bedehuset.

Arr. Brekke kristelege ungdomslag

Eldretur 20. juni 2024

Årets eldretur arrangert av Solund sokneråd, Solund frivilligssentral og Mjømna sokneutvalg gikk i år til Husøy, Indrevær, Utvær og Nore Hjønnevåg.

På Husøy var det omvisning på det gamle handelsstedet fra 1600-tallet og på Husøy kirkested og kirkegård fra 1718.



På Indrevær ble vi ønsket velkommen i strålende solskinn, blomsterpyntet kai og bedehus. Her var det orientering om bedehuset «David Lunds minne», andakt og kaffe og kaker.



Utvær viste seg nok en gang i all sin prakt. De som ønsket det, gikk Nord-sjøløypen, mens andre gikk direkte til Utvær fyr, der det kunne kjøpes kaffe, vafler og souvenirer. Noen besøkte i


tillegg «Paradis», der det bugnet av blomster. Alt i alt en stor opplevelse!



Før hjemreisen gikk turen til Nore Hjønnevåg og middag på Havkroa. Der ble det servert nydelig sosekjøtt og karamellpudding i velvoksne porsjoner. Det ble en dag vi sent glemmer, og når turen nok en gang resulterte i at noen allerede ville melde seg på neste års tur, må vi vel si at turen var vellykket.



Tekst/foto: Anne Ytreøy



Adventsfest på Alværa:

Fredag 6. desember.

Middag kl. 18.00. Gløgg frå kl. 17.00.

Allehelgensgudstenester

Haustens allehelgensgudstenester (helgemesser) blir på desse datoane:

03.11.: Gulen kyrkje kl. 11.00.

03.11.: Brekke kyrkje kl. 16.00.

10.11.: Mjømna kyrkje kl. 11.00.

Dei som har mist nokon av sine næraste det siste året, får ein spesiell invitasjon til desse gudstenestene.



Tankar ved helgemesse

Her ligg dei grav i grav
som me elska og heldt av.
Til gråt med salte tårer
vart dei senka på sine bårer.
Dei var ein del av livet vårt
- me saknar dei så sårt.

Mellom gravsteinar me trakkar,
det er som skrifta til oss snakkar,
fine minner frå gode liv
glitrande i hugen sviv,
her er det fredfullt å vanke,
- takksemd fyller vår tanke.

Ved støttene me stille står,
i fargerik haustdag sanse får
den varme, vidd og visdom
som frå dei døde ofte kom
då dei levde og var oss nær,
- sjeler svevar ved steinane her.

Magnor Midtun (1932-2022)

Løysing på sommarkryssordet

						V	I	L	S	V	I	K
						A	S		E	I	D	E
						T	A	K	L	E		N
						N		U	L			N
						E	K	L	E		R	E
B	R	E	K	K	E		N	A	V	D	A	L
R	U	T	L	E		T	A		Å		N	
O	S		E	I	N	A	R		G	O	D	E
S	E	T		S	I	K	R	E		V	A	R
V		V	R	A	K		V	I	T	A	L	T
I	N	A		R	O	S	I	N		L		A
K	I	N	N		T	A	K	E	T		A	R
	E	G		V	I	K			E	I	K	
P	L	E	N	A	N	E		Å	R	D	A	L
Å	S	N	E	S		R	O	S	S	A	B	Ø

Det var rekordmange som sende inn svar på sommarkryssordet. Stor takk til «kryssordmakar» Einar Søreide som enno ein gong hugsa på oss. Vi har trekt ein vinnar, som får ei lita helsing i posten: Ingebjørg Søreide, Eivindvik.



Julekonsertane 2024

Gulen kyrkje: Laurdag 14.12. kl. 16.00 v/Brekke mannskor og lokale krefter.

Mjømna kyrkje: Søndag 15.12. kl. 16.00. Austrheim songlag deltek.

Brekke kyrkje: Laurdag 21.12. kl. 16.00 v/Brekke mannskor og andre lokale krefter.

Jølstringar på kyrkje-lydstur til Gulen

I samband med jubileumsgudstenesta 25. august var eit følgje på 36 personar frå Jølster på kyrkjelydstur til Gulen.



Etter kyrkjekaffien på kommunehuset fekk dei ei orientering av Tone Ekerhovd, før turen gjekk vidare til Gulatinget.



På Gulatinget fekk dei god guiding av Ingrid Hellwege Haveland.



Og flokken frå Jølster var svært fornøgd med kyrkjelydsturen til Gulen.

Tekst: IS. Foto: Privat

A promotional graphic for a chat service. It features a woman's face wearing a brown hat. The text is in Norwegian and includes a phone number and a website address.

Treng du nokon å snakka med?

Ring eller skriv. Vi er her. Alltid.

22 40 00 40 • [soschat.no](https://www.soschat.no)

Takk

Takk for alle blomehelsingar til Magnar Gjertsen si gravferd. Og takk til dykk som sende pengar til Kirkens Nødhjelp, til saman kr. 4.300.-. Takk også for pynting i kyrkja og for god matserving på minnestunda. Og takk til presten, Bjørn Magne Hansen, som var med oss heile tida.

Maria José og Jorunn Thu Gjertsen

Ei varm takk

Ei varm takk for alle gode ord, om-
tanke, helsingar og blomster både
heime og i kyrkja ved vår kjære Ingar
Hjartholm sin snarlege bortgang og
bisettelse.

Takk til Vatne begravelsesbyrå for
god hjelp og tilrettelegging undervegs
og i kyrkja. Takk til prest Håkon
Økland Kinsarvik, så alt vart slik me
ville ha det. Det vart ei fin stund i
kyrkja. Vi takkar også organist Boris
Kuprijanov for flott spel. Ei stor takk
til alle som var med oss denne dagen.
Laila, Linda og Henning med fam.

Hjarteleg takk

Ei varm takk for all omtanke, del-
takelse og blomsterhelsingar ved vår
kjære Matias Myren sin bortgang.
Ei stor takk til dykk som gav ei støtte
til kreftforeningen.

Takk til prest Øystein Skauge for ein
fin seremoni. Takk til Vatne
begravelsesbyrå for god støtte og
hjelp. Takk til solist Annine
Hasselberg og organist Peter Tiborc
Jobbago for vakker song og musikk.
Takk til Gulen kommune for god
hjelp, og til Gulatun for god hjelp til
minnesamværet.

Sigrun, Anita, Kjersti og Roald m.fam.

Nytt frå kyrkjelydane

Døypte:

GULEN SOKN:

25.08.24: Odin Eidnes.

06.10.24: Mattis Mongstad Sleire.

BREKKE SOKN:

04.08.24: Anton Asheim.

Vigde:

MJØMNA SOKN:

06.07.24: Camilla Wergeland Anfin-
sen og Leiv-Arvid Reed Lunga.

BREKKE SOKN:

03.08.24: Åshild Dåe Midtbø og
Vidar Høydal.

24.08.24: Trine Lange og Marius
Gjersvoll.

Døde:

BREKKE SOKN:

13.07.24: Ingar Hjartholm, f. 1972.

14.07.24: Borgny Sætre, f. 1931.

24.08.24: Magnar Noralv Breidvik,
f. 1938.

MJØMNA SOKN:

08.09.24: Olav Johan Klungrehaug,
f. 1933.

GULEN SOKN:

21.06.24: Anna Sofie Virkesdal,
f. 1929.

22.06.24: Elsa Dyregrov, f. 1931.

10.07.24: Leif Gunnar Kyrkjeøy,
f. 1964.



Kyrkjekalenderen

20.10., 22. søndag i treeiningstida:

Gulen kyrkje kl. 11.00 v/Håkon
Kinsarvik. Hausttakkefest. Utdeling
av bøker til 2-, 4- og 6-åringar. Dåp.
Offer: Misjonsprosjektet i Mali.

20.10., 22. søndag i treeiningstida:
Brekke kyrkje kl. 16.00 v/Håkon Kinsarvik. Hausttakkefest. Utdeling av bøker til 2-, 4- og 6-åringar. Dåp. Offer: Sundagsskuleforbundet i Bergen.

27.10: Ikkje gudsteneste.

03.11.: Allehelgensdag:
Gulen kyrkje kl. 11.00 v/Håkon Kinsarvik. Allehelgensgudsteneste. Dåp. Offer: KFUK/KFUM.

Brekke kyrkje kl. 16.00 v/Håkon Kinsarvik. Allehelgensgudsteneste. Offer: Kyrkjelydsarbeidet.

Fredag 8. november:

Gulen kyrkje kl. 23.00 v/Håkon Kinsarvik. Nattverdsgudsteneste i samband med konfirmantsamling.

10.11., 25. søndag i treeiningstida:
Mjømna kyrkje kl. 11.00 v/Håkon Kinsarvik. Allehelgensgudsteneste. Offer: Norsk Gideon.

17.11.: Ikkje gudsteneste.

24.11., Domssøndag/Kristi kongedag:
Mjømna kyrkje kl. 11.00 v/Håkon Kinsarvik. Lys vaken. Offer: Rådet for psykisk helse.

01.12., 1. søndag i adventstida:
Gulen kyrkje kl. 16.00 v/Håkon Kinsarvik. Lysmesse. Offer: Sundagsskuleforbundet.

08.12., 2. søndag i adventstida:
Risnehall kl. 13.00: Adventsverkstad.
kl. 15.30: Gudsteneste v/Håkon Kinsarvik. Offer: Kyrkjelydsarbeidet.

Laurdag 14.12.: Gulen kyrkje kl. 16.00. Julekonsert. Offer: Blå Kors.

15.12., 3. søndag i adventstida:
Mjømna kyrkje kl. 16.00. Julekonsert. Offer: Bjørgvins venskapskyrkje på Cuba.

Torsdag 19.12.:

Gulen kyrkje kl. 12.00 v/Håkon Kinsarvik. Seniorgudsteneste. Offer: Kyrkjelydsarbeidet.

Brekke bu- og omsorgssenter kl. 16.00 v/Håkon Kinsarvik. Seniorgudsteneste. Offer: Kyrkjelydsarbeidet.

Laurdag 21.12.: Brekke kyrkje kl. 16.00: Julekonsert. Offer: Kirkens bymisjon Bergen.

22.12.: Ikkje gudsteneste.

24.12., Julaftan:
Mjømna kyrkje kl. 11.00 v/Håkon Kinsarvik. Offer: Kirkens bymisjon.

Brekke kyrkje kl. 13.30 v/Håkon Kinsarvik. Offer: Kirkens nødhjelp.

Gulen kyrkje kl. 16.00 v/Håkon Kinsarvik. Offer: Kirkens Nødhjelp.

25.12., Juledag:
Gulen kyrkje kl. 12.00 v/Håkon Kinsarvik. Offer: NMS.

26.12., 2. juledag/Stefanusdag:
Byrknes bedehus kl. 11.00 v/Håkon Kinsarvik. Offer: Kyrkjelydsarbeidet.

31.12., Nyttårsaftan: Brekke kyrkje kl. 23.00 v/Håkon Kinsarvik. Offer: Redd barna.